

# Møteprotokoll

|                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|--------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Kva:</b>        | B Protokoll til møte nr. 02 i Skikrinsstyret 2023-2025                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| <b>Tidspunkt:</b>  | Onsdag 23. august 2023 kl. 19.00                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Stad:</b>       | Digitalt møte på Microsoft Teams                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| <b>Sakliste:</b>   | <p>REFERATSAKER</p> <p>SAK 05 23-25      Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 06 23-25      Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 Skikrinsstyret</p> <p>SAK 07 23-25      SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2023</p> <p>SAK 08 23-25      SFSK AK protokoll nr. 01 23-25</p> <p>SAK 09 23-25      SFSK LK protokoll nr. 01 23-25</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 10 23-25      Konstituering av skikrinsstyret 2023-2025</p> <p>SAK 11 23-25      100års jubileum og framtidsfokus</p> <p>SAK 12 23-25      Haustmøtet 2023</p> <p>SAK 13 23-25      Førebu styreseminar 22.-23. september</p> <p>EVENTUELT</p> <p>B-SAK 14      Innspel frå Heidersteiknemnda</p> |
| <b>Til stades:</b> | Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje N. Tangerud, Hilde Katrine Engeli, Roger Ellingsund, Jan Inge Årdal (nestleiar HKK), Anders Engeland, Tor Arne Hov, og Kennet Dvergedal (adm.)                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| <b>Forfall:</b>    | Jon Ove Lomheim                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Merknad:</b>    | Jorunn Åsfrid Røyrvik deltok ikkje i SAK 13 23-25                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Referent:</b>   | Kennet Dvergedal                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |

## REFERATSAKER

### SAK 05 23-25

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

##### Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

### SAK 06 23-25

#### Godkjenning av protokoll nr. 01 23-25 frå Skikrinsstyret

##### Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 23-25 er lagt ved som eige vedlegg.

##### VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 01 23-25.

**SAK 07 23-25****SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2023****Bakgrunn**

Protokoll frå Skikrinstinget 2023 er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokoll frå Skikrinstinget 2023 til orientering.

**SAK 08 23-25****SFSK AK protokoll nr. 01 23-25****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 23-25 i alpiskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 09 23-25****SFSK LK protokoll nr. 01 23-25****Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 23-25 i langrennskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER****SAK 10 23-25****Konstituering av skikrinsstyret 2023-2025****Bakgrunn**

Skikrinsstyret konstituera arbeidsutvalet (AU) med arbeidsfordeling og val av anleggskontakt.

Skikrinsstyret 2021-2023 hadde følgjande arbeidsfordeling:

- Anleggskontakt: Anders Engeland
- Rekrutteringsansvarleg: Anne Marie Svarstad
- Marknadsansvarleg: Tonje N. Tangerud

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande arbeidsfordeling for tingeperioden 2023-2025:

- Anleggskontakt: Anders Engeland
- Rekrutteringsansvarleg: Hilde Katrine Engeli
- Marknadsansvarleg: Tonje N. Tangerud

**SAK 11 23-25****100års jubileum og framtidsfokus****Bakgrunn**

Med bakgrunn i sak 02 23-25 har skikrinsstyret bevilga auka støtte til 100-års markering som jubileumskomiteen har planlagt i samband med haustmøtet laurdag 21. oktober 2023.



Skikrinsstyret bør drøfte korleis ein kan bruke dagen til å sette fokus på framtidas skiaktivitet.

## VEDTAK

Skikrinsstyret vil fortsette å vere synleg i nærmiljøet og når krinslag og krinsrepresentantar er på samlingar. Vidare vil skikrinsstyret bruke 100-års markeringa til å synleggjere skisporten i større grad i sosiale media og lokale aviser.

## SAK 12 23-25

### Rammeprogram Haustmøtet 2023

#### Bakgrunn

Skikrinsstyret gjorde i SAK 95 21-23 vedtak om å avvikle Haustmøtet laurdag 21. oktober 2023 i Nordfjord, og ba jubileumskomiteen gjere framlegg til rammeprogram.

I samband med Haustmøtet blir det avvikla ei ekstra jubileumsmarkering ref. sak 09 23-25. Jubileumskomiteen har på oppfordring frå Skikrinsstyret laga tentativt rammeprogram:

*Komiteen gjer vedtak om følgjande tentativt rammeprogram:*

| <b>Tidspunkt</b> | <b>Program</b>                                                          | <b>Ansvar</b>                        | <b>Merknad</b>    |
|------------------|-------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|-------------------|
| <i>Dagtid</i>    | <i>Haustmøte med greinvis fagmøte i alpin, langrenn, hopp/kombinert</i> | <i>Skikrinsstyret</i>                |                   |
| <i>Kl. 18.30</i> | <i>Velkomstdrink</i>                                                    |                                      | <i>Alkoholfri</i> |
| <i>Kl. 19.00</i> | <i>Velkommen</i>                                                        | <i>Krinsleiar</i>                    |                   |
| <i>Kl. 19.05</i> | <i>Orientering</i>                                                      | <i>Toastmaster, Inge Fænn</i>        |                   |
| <i>Kl. 19.00</i> | <i>Forrett</i>                                                          |                                      |                   |
|                  | <i>Tale v/ NSF</i>                                                      | <i>Skipresident Tove Moe Dyrhaug</i> |                   |
|                  | <i>Hovudrett</i>                                                        |                                      |                   |
|                  | <i>Tale v/ Vestland Idrettskrets</i>                                    | <i>Leiar Nils R. Sandal</i>          |                   |
|                  | <i>Dessert</i>                                                          |                                      |                   |
|                  | <i>Film</i>                                                             |                                      |                   |
| <i>Kl. 22.00</i> | <i>Avslutning middag</i>                                                |                                      |                   |

## VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande rammeprogram for Haustmøtet:

Kl. 12:00-13:00: Frammøte og lunsj



Kl. 13.00-13.45: Fellesdel –  
Oppsummering frå fellesdel skikrinstinget og innlegg frå  
skipresidenten

Kl. 14.00-17:00: Greinvisе fagmøter (haustmøte)

Detaljar til fellesdelen blir fult opp på styreseminar 22.-23.  
september 2023.

## SAK 13 23-25

### Førebu styreseminar 22.-23. september

#### Bakgrunn

#### VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å ha styreseminar 22.-23.  
september i Vik i Sogn. Adm. følgjer opp rammeprogram,  
sakliste og praktiske saker.

## EVENTUELT

### B-SAK 14 23-25

#### Innspel frå Heidersteiknnemnda

##### Bakgrunn

I samband med 100 års markeringa 21. oktober 2023 har det  
komme innspel frå Heidersteiknnemnda om å gjere ei ekstra  
utdeling av heidersteikn.

Sogn og Fjordane Skikrins har følgjande utmerkingar:

- Heidersmerket m/ diplom
- Heidersstatuetten m/ diplom

**Heidersmerket** kan delast ut til personar som:

- Administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein  
stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- På andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten store  
tenester

**Heidersstatuetten** kan delast ut til personar som:

- Administrativt eller aktiv eller i kombinasjon har gjort ein  
**særskilt** stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- På andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten **særskilt**  
store tenester

Medlemar og styra i lag tilslutta skikrinsen, styret i skikrinsen og  
Heidersteiknnemnda kan komme med framlegg på kandidatar.

Skikrinsstyret gjer endeleg innstilling av kandidatar.

Heidersteiknnemnda består av:



- Leiar: Inge Fænn, Markane IL
- Medlem: Hallvard Nygård, Førde IL
- Medlem: Lilly Schøyen, Sogndal IL

Heidersteiknnemnda har følgjande framlegg til kandidatar:

**Heidersstatuetten m/heidersmerkediplom:**

- Jonfinn Aske, Fj./ Vereide IL
- Per Hatledal, Markane IL
- Yngve Thorsen, Førde IL

**VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å ha ei ekstra utdeling av heidersteikn i samband med 100 års markeringa 21. oktober 2023. Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om at følgjande personar skal tildelast skikrinsen sine heidersteikn:

**Heidersstatuetten m/ heidersmerkediplom:**

- Jonfinn Aske (Fj./ Vereide IL, langrenn)
- Per Hatledal (Markane IL, langrenn)
- Yngve Thorsen (Førde IL, langrenn)

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)  
Leiar

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef